

Emnenr. 64

Fylke:

N. Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Verdal

Emne: Død og begravelse

Bygdelag:

Oppskr. av: Johs. Lohle

Gard:

(adresse): Verdal

G.nr.

Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Best etter egen røyne i 86 år*
- B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- 1 Sam var der om dødsfall var, retnd:
 Har småbarn breidd eit klede
 for andletet, når to fliser låg i
 kross på seggen, når det ^{var} ringer
 i tabaksrøyk, når det i ei gravferd
 var langt mellom døve stjerner,
 når dei skulle bryte av eit stykke
 flatbrød og dammfingern gjekk
 gjernen brødet.
- 2 Gjekk dei ut ei nyårsnatt og seg inn
 i stova der fallet sat til bords,
 var den som skulle døy i dette
 året utan hovud. — Det var heilt
 nabo som ingen tørde prøve.
- 3 Ikkje andre midlar enn det som er
 nemnd under 2
- 4 Har ikkje høyrd om nokon som
 kunne sei i frå når nokon
 skulle døy.
- 5 Har ikkje høyrd om "helligmaur"
 eller "feigdalus"; men dei snakke
 om, at var det nokon som var
 fult full av lus, var luse barte
 når dei var døde.
- 6 Kjemmer ikkje til slike varster.

2
7

det var ikke så at de måtte vera
på eit særskilt stiel i huset når dei
skulle døy, men dei kunne bli flytta
på eit rom for betruemhets skuld

8

eller, det var ikke så at romet skulle
ordnes på ein sers måte

9

Det er ikke kjent at dei nytta midla
som kunne lette dødsstampen.

10

Det var ofte sendt bud etter presten
for at dei kunne få noduerden for
dei dode, og det er nåt som framleis
er i bruk.

11

Presten hadde med seg kalk og disk, brød
og vin og brukte ritualer i altarstua.
Det kunne også hende at dei næraste,
mannen eller kona nåt noduerden
samtidig. I det ytre var det ~~ikke~~
~~sjelden~~ slik på eit bord at det låg
eit altar. t. d. med brennande lys,
fin duk på bordet.

12

det var ikke vedlekker om i sende
bud på noen andre, men ofte var
vel barn eller andre andre slektingar
til stades.

13

det var sume som sa ifrå om alt
som vedtøm graverda og ting som
skulle gjerast etter dei var dode, men
dei fleste, let vel over slekt til dei
som livde etter dei

14

Tida mellom dødsfallit og graverda
dei brukte, og brukte anno uttrykk
som samma, flytta, (slakta er aryare)

15

det var vel dei som brukte i fjær og
fjerne litt på leppene og under nosen,
for å sjå om dei reagerte for det, men
det sikkert tegn var at dei kolna.

- 16 Tysse omme enn at gravene hadde
kome ned på kisten i gamle grover
der beina låg ansles enn den døde
for matte ha lege. da han var lagt
i kiste og dette teudde dei var tegn på
at han hadde havt ein damp for
å røre på seg.
- 17 For å få augnevarmane til å late seg
att, la dei ein myrt eller nalle
anna klyft på på auget til det stivna.
- 18 Ei solmekk vart ofte lagt under hode
for å holde munnen lukket. Til
dels vart nekkjæver bunde opp med
eit band eller torkle.
- 19 Grannane skulle ikkje varslas utan
att dei var i nær slekt med den døde.
- 20 Det var karkje vedtekt eller skikk
at namn skulle varslast. Det vart
i saleis heller ingen som vart senet. at.
- 21 Det var aldri skikk at husdyr skulle
varslas.
- 22 Dei opna vel eit vindauge for å få
frisk luft inn i romet der det var
dualmt, hende laker for vindauge,
klakk og spegel.
- 23 Når liket hadde bølva og dei var visse
om at dei var døde, vart liket vaska
og lagt på eit bord eller ein benk, til
dei fekk i kiste, klodde det og la
det der.
- 24 Sam sagt i 23 vart det lagt på eit
bord eller ein benk.
- 25 Det vart ikkje lagt på halva, berre
med eit laker kring det.
- 26 Likhalmen vart brent når liket
var tike frå senga.

- 4 27 Ob ar aldri háyrd at líkhalmen var
brukt som medisin.
- 28 Var det gamle blode som var brukt
sitt þá dei lívde, var det brendt.
- 29 Alt som hadde haft nær beröring
av líket med undantak av sengblode,
var brendt. Sengbloda var grundig
reinyjart og brukt
- 30 Líket var stélt þá snort det
hadde kolna
- 31 Naer þaner som íkúje var þá
kúðsme og redde av sey, stod gjerne
far í kúla lík í kústa.
- 32 Dei brukte blode som var lít í
gjera rein.
- 33 Ólíkt var stélt som da dei
lívde
- 34 Dei var barbert, eg har sjálf vore
med þá det
- 35 Neþhane var det sjeldan gjart
noko med.
- 36 Já, líket var varða.
- 37 Líkvolnut var íkúje bruk som medisin
far nær sjúðdom
- Lekklar
- 38 Dei sa í kúla dei í kústa
- 39 Kléda kalla dei svöf
- 40 Nemninga lítblaja var íkúje brukt.
Ekinn lekklatur som var beidd av
líket nær det var klédd í kústa,
det var far det mesta brukt at
vanleg fint laken som dei hadde
- 41 Det er sagt at dei brukte brurlaken,
ðersam lí da hadde det í farvering
- 42 Sam regel var dei klédd berre í
underkléde.

- 43 det hadde, men svært sjeldan,
 du som hadde tingene lett fore seg
 hadde livstjarta liggande ferdig.
- 44 du skulle vera svite og var for i tida
 av lin, seinare av bomull.
- 45 nei det var ikkje så at fatene
 skulle vera synlige.
- 46 Liket skulle ha ~~svite~~ svite strimler,
 men ikkje så.
- 47 Eldre kvinner fekk ei svart have
 på hovudet, ho var likeens som
 den du hadde brukt da du levde.
- 48 det vart ofte brukt myrtelrans
 på hovudet til unge ugifte kvinner.
- 49 nei, det vart ikkje brukt særskilde
 blade til barsekraner
- 50 kvinner ikkje til at du brukte blander
 det er vel omly 50 år sidan det vart
 vanleg å kjøpe littlar.
- 52 No blir det over alt kjøpt ferdige
 littlar. I krisetider var du av
 papir men no er du av bomull,
 tildels også av kunstsilke.
- 53 kjøpte littlar blir kalla soaps.
- 54 det er ingen tradisjon om at
 det var hjelp for sjukdom å røre
 ned littlar.
- 55 nei, det vart ikkje tru på at det
 var farleg heller.
- 56 ho er ikkje høyrd at barn var bore
 rundt kista med "svekk"
- 57 Mynten over auget vart brukt
 som penge.
- 58 Naen få som ville ha alle ting
 fore seg, fekk gjort kista medan du
 levde, men ho var umåla til ho

6

skulle brukast. I ein velstelt gard
~~var det~~ alltid bænd til kiste liggjende

59

I gamle kister som dei troff på når
 dei grav graver, var det trenagler.

60

Det var strekker av laug i kiste til
 å bera i, dei var tildels overvalla
 med svart ty.

61

det var vanlege bygdesmetkarar
 som laga kista.

62

Kista vart måla svart med kimrød
 og limingvatn. Dei vart tildels
 smut over med tjukt limingvatn
 og strødd med fintmalt steinkal.

63

Før ca 50-60 år sidan tok dei til
 å bruke kvite kister til småbarn,
 no er alle kister kvite.

64

Naen oppning i kistelaket var
 det ikkje.

65

No vart det brukt høvlspan i
 kiste, før var det halm.

66

Putta var helst fylt med bomull.
 Vart det brukt ei av dei putter
 dei til daglig brukte, var ho fylt
 med fjær.

67

Kista blir no kjøpt ferdig frå eit
 lager og er alltid kvit.

68

Det var ikkje brukt å sende
 med dei døde natto i grave.
 det er ingen som veit natto
 om det. Derimot vart det teka
 av dei ringar og smykker o.s.b.

69

Ingen minnet at barseltaner
 skulle ha barnetåg med seg i kista.

70

Kista vart tildels forynta med eit
 kross på loket av natto grønt, om
 vinturen av lyng, og om sommaren av
 anna grønt.

71. Her det var aldri skikk å strø
linpro rundt kirka
72. Og mit dei la robarbrødd over
andletet, ristnakk for å halde
innsertu vekk.
73. Dei gjædde ikkje noko for å hindre
at den døde ikkje skulle gå igjen
74. Det var ikkje andakt eller noko
høgtid med vitjing av verner nær
liket vart lagt i kista. Det gjædd
for seg i all stillheit utan nokon
nemning på det som vart gjort
75. Det var ikkje noe sær bevertning
etterpå og slett ikkje med dans,
alt skulle vera stille som uttrykk
for sorg.
76. Kirka med liket vart sett i eit ledig
rom i huset, dersom det var noko
slikt, var det ikkje det, vart ho sett
i stabburet eller eit ann avløst
rom i garden.
77. Romet der kirka stod i huset vart
ikkje pynta ansles enn dei hængde
eit lakar for vindauge, og bakk
ein servieth eller anna kvith klade
over spegel og klatkar.
78. Stod liket i eit uthus, vart det ikkje
gjort anna enn å dekke
vindaug og andre opningar i huse.
Kirka vart aldri sett i fjøset.
79. Ei barhytte vart laga på mange måter
men det mest vanlige var vel at dei
sett ein pøle ~~over~~ så høg som hytte
skulle vera i kvort hyrne. Skellum
desse vart det gjort fast ei stang
eller lettete som bakk dei saman.

avranke dette underlag laga dei av
lekker eller fjøler eit røste. Dette
dette treverket var så kladd med
bar

80 Slike hytter var brukt både sumar
og vinter på gravferdsdagen.

81 Nei det var ikkje gjort noko stas
får liket var teke ut og sett på
gardsplassen eller i ei barhytte.
Der var det strødd med bar, libera
vegen ut av gardsplassen

82 Ja, dei plasserte gjene kitta slik at
fåtene vende mot døra.

83 Laket var helst lagt på.

84 Ansichtsduken var berre ein liten kvit
firkanta duk

85 Han var dilla snitteduken

86 Det var nokk så vanleg at slekt
og grannar kom for i sja dei døde
når dei var kladd i kitta.

87 Vi har enno ikkje gravloppell, men
vi har tegning og korn, men
vantar nokk penge for vi kan ta
til i bygge.

88 Kell bort.

Sorg

89 Alt skulle vera stille og berre
fred av sorg og adnad.

90 ~~Alle~~ alle huslege sysler var
var det ikkje noko undantak for.
Men spill, dans og anna more
måtte dei ikkje ta seg til.

91 Føretid var ei nemning som var
brukt på Tida, straks etter dødsfallet
Men det var ikkje noko avmålt tid
det skulle vare.

- 92 "sargetids" måtte dei halde seg på leiv
 og dans og anna mero, og elles alt
 som lög på sida av nytting og livsglede.
- 93 I gravferd var alle, både menn, kvinner
 og alle som var med, kladd i svarte
 klæde. Ei måte opp i ei gravferd med
 lys og måntrede klæde var ~~ei~~
 ein skandale og utlagt som lite
 ryddnad for den avdøde. I seinare
 tid er det ikkje så strengt med å
 halde den skikken.
- 94 Enke hadde ikkje noen særskilt
 rørgedrakt.
- 95 Her er ikkje kjent noen overlevering
 eller arbtagsam advare mot for store
 sorg.
- 96 Her aldri høyrd noko seg om at dei
 kunne sitte opp ein død med gråt.
- 97 Kjenner ingen gamle råd for å lindre
 sorga.
- 98 Løffenda skulle helst vere på ein
 kvardag. Det var fatige og legeslerner
 som vart gravlagt på søndagar.
 Det var vel for at det da vart minst
 bryderi og minst kostnad, da presten
 var der likevel.
- 99 Det vanlege ardet for begravelse er
 likefal med tjukt l.
- 100 Var det ingen prest tilstades, og det var
 det sjelden, så var den heile seremoni
 nien, at eit par ~~menn~~^{menn} bra songest stelte seg
 i dørs og song ein salme. Dette var å
 synge ut liket. No var det tid til om
 noen kunne seie noen ord til avskil.
 det var gjerne ein lærar eller ein
 annan ardeleg kar som gjorde det.

- 10 var det finere, var kirte tilles sett på
dunet. Var kirte inne gjedd songarane
føre og song ein salme når dei bar
kirte ut på vagnen eller sleden dei
skulle fare til kyrkja med. Var det
lysbararar, gjedd dei føre songjarane.
- 101 Loket vart ikkje teke av kirte
- 102 Det var ikkje alle på kirte, men som
regel noen keonsar.
- 103 Her dei brukte lys i livstova, stod
dei på eit bord attam hovuenden
på kirte.
- 104 Det vart alltid brukt 2 lys. anten
dei var gifte eller ugifte.
- 105 Lysa dei brukte hime vart ståande
på bordet. Det var andre lys bararen
hadde.
- 106 Dei som var lysbararar var alltid bedne
om det på forhånd. Til vatsne var
det ein mann, til barn gjerne ein
smågut, aldri kvinner.
- 107 Når dei kom til kyrkja, gjedd lysbararen
og songjarane føre når dei bar kirte inne
på kyrkjegarden og sette ho ned over grava.
Lysbararen stod og heldt lysa inntil song og
tale og jordfesting var fræggjort
- 108 Når dei var ferdy med det, gjedd han inn i
~~kyrkja~~ kyrkja og sette dei på altaret.
- 109 Nei det var ikkje noen vedtett om at
det skulle brinne om natto for gravferde.
- 110 Ai halde vinternatt har ikkje vore skinn
det folk no veit om.
- 111 Dell bort.
- 112 Nei, det er ingen som veit natto om
gråleboner.
- 113 Lissalmon vart songe med vanlig melodi
og på same måte som ellers

- 114 Presten er som regel tilstades i alle gravferder.
- 115 Har vorte mest vanly etter hundred = arskiftet
- 116 Før den tid kunne det vera læraren eller ein annan som sa noen ord til avskil. Tildels kunne det ogsa vera noen av dei som var bedne til å synge.
- 117 Noko ferdartak var ikkje brukt her
- 118 Til solus bart
- 119 Til å vera litet ut av hant og til Kyrkja var det bedne så mange som trængt, vanly 6 mann, aldri kvinner.
- 120 Det var ikkje vanleg at dei nderste, A. S. søner bar far eller mor til grava. Men til vanly var det noen av slekta eller noen av grannane som var bedne til det.
- 121 I dette stykke er det som før.
- 122 Lilet skulle berast med fatenden före.
- 123 Kirken skulle ikkje settast med.
- 124 Det er faktisk om at lik var teke ut gjennom et hol i veggen men ingen veit om at det skal ha hendt her i bygda.
- 125 Det vart vanleg stradd med katta bar der dei skulle bara litet
- 126 Katta vart sett på den kjære doming som dei skulle bruke til kyrkja.
- 127 Stei berarane fekk ikkje stjink da.
- 128 Alle som var tilstades fylgde med.
- 129 Både menn og kvinner fylgde med til kyrkja.
- 130 Kvinner har i manns minne fylgd med til kyrkjegarden.

12 131

det har vel til alle tider var den oppfatning at eit stort fylge var til ære for den døde.

132

Det var til dels sett opp ein part av granbar, der dei farlet gardsplasen og inn på veien. Det hende også at noen som ville ære den døde, sette opp ein part eller strådde bar på veien forbi garden diira.

133

Spj. 32. Noko bilete av det fins ikkje

134

All sidan dei tok til å skaffe seg fløy er det skinn å fløy på halv stang når det er grunferd i noblaget og det er vel mest i dei siste 50-års år

135

Slektinger og granbar og til dels andre heiser fløy langs kyrkjervegen.

136

dei fleste led dei ^{på} halv stang heile dagen. Det er først i den aller seinaste tid at somme let det gå til taps etter jordfestinga.

137

dei heiste fløy til taps når alle var fræggjort på kyrkjegarden.

138

Det var før dei let fløyet nura på halv stang heile dagen. Det er i dei siste år at noen let det gå til taps når dei er ferdi på kyrkjegarden.

139

Nei, dei stansa ikkje og sang når dei far forbi garden.

140

det var inga risting med kute klade når fylgjet kom frå kyrkja.

141

dei song ikkje ved garden dei far forbi.

142

Nei, noko roping var det ikkje på fylgjet.

143

Her finst ingen tradisjon av noen kvilestein.

~~144~~

144

Kirken vart ikkje sett ned på jorda.

Skulle berarane vite, var det på den staden sett eit par skamlar til å sette storta på.

145. Histo vart utan noko underlag sett på Hjärekyet dei nyttå.
146. Det vart brukt ein svart eller brun hest. Men det skulle helst ikkje vera ein hest som høyrde til på garden den døde var frå.
147. Etse om at hesten ikkje måtte ho føle, var det ikkje noko snakk om. Ingen hugser det.
148. Ja, dei måtte gjere berre i stutt. Det var usimely og gjere i trav.
149. På heimvegen høyrde dei ofte i trav, for å koma heim i bra tid.
150. Det var ein som på førehand var tinga til det, som høyrde livet til kyrkje.
151. Som regel gjikk kyrkoren med sida av vognen, var det lang veg, kunne han sette seg på dieste noen stytter.
152. Ja noen stytter.
153. Der det var hult utad å koma fram på anna vis, bar dei dieste.
154. Etse tru om at dei etterlevand kunne få veta noko om den dodes stjeperne og lyden av kyrkjeklakk eller noko anna er det ikkje noen tradisjon om.
155. Dei så at koner som døde i barselsong, og menn som fall i krig vart valige. På Kyrkjegarden.
156. Dei beravane som var tinga til det, sat dieste og bar ho inn på kyrkjegarden og sette ho over grava.
157. Etse medskap som "bære" fanst ikkje.
158. Tell berti.

159

det var beraren som bar kista inn
fra kyrkjegarden

160

det var ingenting gjort med likhesten.

161

Presten måtte gjerne ved kyrkjegards-
parten og gikk føre inn på kyrkjegarden
og bort til grava

162

Kista vart aldri borte rundt kyrkja.

163

J falt over og kalde vart kista borte
inn i kyrkja der prestern heldt tale

164

det vart alltid sunge når dei bar kista
til grava

165

Kista vart ikkje borte rundt grava.

166

det vart singt når dei var ferdig med
song og jordfesting, men ikkje sidan.

Grava

167

det har vere fast gravar dei seite
150 år.

168

Gravaren hadde ikkje anna nemning
en gravar.

169

For det var fast gravar, måtte vel
alle som fekk det syte for at grava
var ferdig når dei kom til kyrkja
med liket.

170

dei naboene hadde ikkje noko med
grava å gjera, dersom dei ikkje vart
leigd til det.

171

dei mennene kasta ikkje jord på
kista.

172

Tolk som tenkte noko over det,
sakk det for den sterke vissling fra
kyrkja. Dei hadde og den tru at dersom
dei ikkje hadde fått jordfesting, fekk
dei ikkje fred i grava.

173

Vart dei ikkje jordfesta med det same
vart det sett ein pæle ned på kista til
å lege eit hol til jordfestinga som da
kvinnen sende jorda gjennom holet ned på kista

- 174 Mange graver var før i tida ikkje stelt. Dei som var stelt, fekk ein jordbank som likna ~~den~~ låvel på ei likkiste, og rundt omkring var det lagt grostene. Grava var det stridd med sand eller krosset steinval. Same plante og på litt blomster avans på grava, det var som regel ikkje halde ved like, og gjekk over til ein kull med ugras.
- 175 Om sumaren blir graven ofte pynta til kvar helg, og elles til alle høgtider, jul, påske og pinske, o.s.v., 17 mai. Det var da pynta med kransar, blomster og til jul med lys og eit lite juletre.
- Serlige tilfælde.
- 176 Selvmordere var vel ofte begravde i kista som dei var.
- 177 ~~176~~ Før var kista teke over muren
- 178 Ein var ikkje nødt om at tikledene skulle begravast ved kyrkjegarden.
- 179 Grava att sjelvmordarar var ved muren og låvel under muren på nordsida av kyrkja, no blir dei gravlagt som andre. Før skulle de ha berre to spader jord.
- 180 Adopte barn var gravlagt som andre
- 181 Ved ansvoring av galv og grunnmur ved ei gamal kyrkje her fant det mange små kister med ein menneskestof, med i. Det måtte vel vera abarter.
- Gravøl
- 182 Før gravøl brukte dei, og brukar ennå nemninga likfal med tjukk l.
- 183 Det var gjerne ein fast bedemann i kvar grend. Elles var det helst

- ein litt eldre mann som hadde lett
for å snakke for seg, aldri ei kvinne.
- 184 Bedeløyet var litt for både bryllaup
og gravferd. Bedemannen stode nær
feststedet, med høy fløsshatt og hvitt
halstørklede
- 185 Bemannen gjekk inn hovedgangen og
186 inn i stova, han steig inn på golvet
og ferd fram "byarbåna" som hadde
y 187 faste ardelag og byrje soleis: "Ebed
188 tilladelse" alt på stent bakpråk.
Etter det gamle folk kunne fortelje
skulle ei byarbåna vere amlag slik:
"Jeg har at hilse fra N. N. og familie
og be om de vil gjøre dem den ære at
besøke dem i begravelsen efter deres
avdøde (fader, moder osv) 6. dag i neste
uge. Det er deres ønske ~~at~~ at de
måter i sorgehuset kl. 2 for å nyde
et hvarvelig måltid før de reiser til
kirken. Et hjertelig velkommen."
By seg vil ikke garantere ordlyden,
da eg har høyrd han gjingitt med
yours variationser. Så skulle bedemannen
ha traktering, og da dette for det
meste var eit par drammer, vart
han sikkert meir og meir veltalende
utover dagen.
- 189 Det vart å sende bedebrev til dei
som var langt unda
- 190 Sjeldan mindre enn 2 dagar.
- 191 Sjeldn som regel var det 3 mål
mat, frustert midday og kveld. Det
siste kunne ofte bli utpå natta,
og vart da kalla nattemat.

- 192 Silb var noko sorn ikkje burde
vera på eit høgtidslarv
- 193 Det var same slags mat i lidferda
enten dei var gifte eller segifte.
- 194 Føregangefolket var bedne om det på
færehand, og var ofte av slekta, men
dei aller næraste var tidne for for
oppvartninga.
- 195 I intet arbeid i grunda eller mabohaget
var itansa på gravferdsdagen.
- 196 Sendingane vart som regel sendt
dagen før.
- 197 Det var helst tenestgjenter eller
noen annen av husets yngre kvinner
- 198 Sendingstausene som dei vart kalla
skulle ha traktering
- 199 Det var småpofotene som vart pynta
med utkrasing på ymse måtar.
- 200 Det var ikkje tale om hele eller
halve sendingar. Alle gjorde sig star
flid med å ha både ritelige og
gode sendingar
- 201 dei som ville ha alkoholholdige, drikk
brukt, bayer, pils og diverse anna öl.
- 202 ~~202~~ det er i dei siste 50 år at det har
vorte til 1 days gravøl
- 203 Jan heimebrygg og sendinger heldt
seg lenger med gravøl enn ^{med} bryllupper
- 104 Sendingene er avløyst med kraner,
blomar og tildels ei finare sort.
- 205 Kraner har lange vore i bruk. dei
var heimgjarde av lyng eller kranfot
om someren med litt blomar, om
vinteren med kunstige papirblomar
- 206 Silkesløyfer med instrippasjon er nokk
så vanleg i dei siste 50 år

18 208

Or det mange kranse, blir noen med i grava, dei andre blir lagt på grava når ho er attgrave. Dei kranse som serleg er til i pynte kitta, blir alltid med i grava.

209

Kranser som blir lagt på grava, blir tekne bort når dei er turka. Noen sers fine kranse blir teke med heim og lagt på grava ved eit seinare høve.

210

Beurtingen no er gjerne kaffe og smørrebrød i huset. Når dei kjem frå kyrkja, er det varm middag og etterpå kaffe. I some stader er det også kveldsmat. Brendevin er heilt avlagt, men for 50 år sidan var det vanleg i bruk.

211

Har dei lite plass i sorgehuset, har dei middagen på ein restaurant eller eit samlingshus.

212

Her vart det vanleg å lyse ut dødsfall, da vi fekk eit eit bygdebok for vel 50 år sidan. No kjem alle dødsfall i bladet.